



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd Alver

<b>Utval</b>	Kyrkjeleg fellesnemnd
<b>Møtedato</b>	Onsdag 10.januar 2018
<b>Møtetid</b>	Kl. 16.00-18.00
<b>Møtestad</b>	Radøy kyrkjekontor, Manger.

## Desse møtte:

**Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:** Ivar Eidsheim, Turid Sporsheim Tvedt, Harald Osland Øvretveit

**Frå Radøy sokneråd:** Gunnar Kartveit, Grethe Lunde

**Frå Meland sokneråd:** Bent Gunnar Næss, Einar Reigstad

**Geistleg representant:** Geir Sjørebø (prost i Nordhordland)

**Forfall:** Bjarte Vatnøy, kommunal fellesnemnd.

**Kyrkjeverjane** i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug.

Bent Gunnar Næss starta møtet med ord for dagen.

## Meldingssaker:

### **M - 01/2018 Mål for prosessen og samanslåinga.**

Innleiing v/Torgeir Paulsen og Grethe Lunde. Drøfting av muligheter i ny organisasjon.

Mål for prosess og samanslåing vert sak til fellesnemnda sitt møte 21.03. Til dette møtet er det tenkt å engasjere ein ekstern person som innleiar og legg opp til gruppearbeid.

### **M - 02/2018 Informasjon frå kommunal fellesnemnd**

Orientering ved leiar Grethe Lunde.

### **M- 03/2018 Kartlegging ( utsett frå møte 28.11.2017)**

Orientering ved Torgeir Paulsen. Notatet er sendt ut som vedlegg til innkallinga. Gunnar Kartveit kom med framlegg til endring av føremål, jf. avsnitt 2 og 3. Notatet vert innarbeida i dokumentet.

**Sakliste:****01/2018            Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjent uten merknader.

**02/2018            Godkjenning av møtebok frå 28.11.17**

Godkjent uten merknader.

**03/2018            Søknad til kommunal fellesnemnd om prosjektmidler.**

Leiar Grethe Lunde orienterte. Kommunal fellesnemnd skal ta stilling til vår søknad i møte 15.januar. Rådmannen sitt framlegg til vedtak legg opp til ei halvering av tilskotssummen i forhold til søknaden. Det vil vera problematisk å gjennomføre endringa på ein god måte dersom vedtaket føl rådmannen si tilråding. Nemnda sine medlemmer må arbeide aktivt for å formidle nødvendig kunnskap til kommunal fellesnemnd i forkant av møtet 15.januar. Leiar vil ta kontakt med lokalpressa for å informere om den kyrkjelege samanslåingsprosessen.

**Vedtak:**

Framlegg til budsjett for samanslåing og søknadsbrev til kommunal fellesnemnd vart vedtatt, samrøystes.

**04/2018            Drøfting av prosjektorganisering**

Leiar av fellesnemnda la fram saka. Dei tre kyrkjevergene fungerer som prosjektorganisasjon og har delt oppgåvevne mellom seg. Det er likevel trong for ei meir formell deling av oppgåver og ansvar framover. Spørsmål om tilsetjing av kyrkjeverge i Alver kyrkjelege fellesråd vert ikkje tatt stilling til på noverande tidspunkt.

**Vedtak:**

Prosjektleiar, ansvarleg for koordinering av sekretariatet - Audun Sylta.

Medlem prosjektgruppa, ansvarleg for økonomi, bygg og anlegg- Torgeir Paulsen.

Medlem prosjektgruppa personal, organisasjon, Anne Sofie Nergård Uthaug.

**05/2018            Prosjektplan – fasane i prosjektet**

Kyrkjeverjene har utarbeidd ein oversikt over fasane i samanslåingsprosjektet. Kort presentasjon ved kyrkjeverge Anne Sofie Nergård Uthaug.

**Vedtak:**

Framlagt oversikt over fasane i prosjektet vart vedtatt, samrøystes.

Audun Sylta

referent